



Fredrik Sætre  
Fonnebostvegen 166  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7660 - 20/17889

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
03.04.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr. 106/158

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 106/158  
**Tiltakshavar:** Fredrik Sætre

Alver kommune har den 26.03.2020 mottatte melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 25.03.2020 vart registrert lekkasje og lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Fonnebostvegen 166, 5955 Lindås. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 30.05.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise  
rådgjevar  
Miljø og tilsyn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Fredrik Sætre

Fonnestvegen 5955  
166

LINDÅS